



- Bli med i forbundet, oppmodar Harald Sunde. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Bli medlem i Norsk Pensjonistforbund, det kostar berre 140 kroner i året og du får mykje att, seier uskedelingen Harald Sunde. Han er nestleiar i Søral Pensjonistforening og styremedlem i fylkeslaget i Hordaland.**

**Akkurat no er han sterkt engasjert i ein vervekampanje som rettar seg mot 140.000 potensielle medlemmer.**

NPF er ein partipolitisk uavhengig og nøytral organisasjon med 170.000 medlemmer og 1.000 lokalforeningar. Det er den einaste pensjonistorganisasjonen i landet som forhandlar med regjeringa om pensjonane. Forbundet set også kvart år fram krav til regjeringa som handlar om rettighetene ein har som pensjonist.

Sunde minnar om at påverknaden har gjeve resultater og viser til denne opplistinga i ei vervebrosjyre:

- \* Minstepensjonen er lik 2G
- \* Pensjonsutviklinga er sikra på linje med yrkesaktive
- \* Ein har sikra opptrapping av pensjonen for ektefeller
- \* Ein har sikra bostøtteordninga for minstepensjonistane
- \* Forbundet har vore pådrivar innanfor forskning på eldresjukdommar.
- \* Det er lovfesta eldreråd i alle kommunar og fylkeskommunar.
- \* Forbundet har vore ein sterk pådrivar for ein anstendig eldreomsorg
- \* Pasientombodsordninga er utvida.
- \* Det er oppretta bekymringstelefon.

- Med eit medlemskap i NPF har du direkte påverknad på eldrepolitikken både sentralt og lokalt. I tillegg har du mange medlemsfordelar, påpeikar Harald Sunde.

Av Ola Matti Mathisen